

April 2010

Vang historielag

- eit lag du kan ha interesse av å vera medlem i?

Ved å vera medlem i Vang historielag støttar du opp om arbeidet for å fremme interessa og kjennskapen til lokalhistoria i heile Vang kommune. Laget skal ta vare på og føre vidare vår gamle og gode kulturarv.

Medlem i Vang historielag for 2010 vert du ved å betale kontingent, sjå vedlagt giro. Vil du stå som einskildmedlem kostar det kr. 50. Betaler du kr. 75 kan fleire / alle i familien stå som medlem.

Og hugs: Anten du betaler i banken med vedlagt giro, ved hjelp av telebank, nettbank eller anna, oppgje namn på den / dei kontingenten gjeld for i meldingsfeltet på giroen.

Leiar i Vang historielag er Harald Olav Jevne, 2973 Ryfoss.
Han kan du kontakte på telefonnr. 613 68 124 / 951 92 015.
Nestleiar: Ove Bunde, 2973 Ryfoss
Kasserar: Randi Holien, 2977 Øye
Styremedlemar: Jan Sparstad, 2975 Vang i Valdres
Skrivar:Tore Hovda, 2975 Vang i Valdres

Årsmeldinga for 2009 samt annan informasjon frå laget kan du finne på laget si internettadresse <http://www.vanghistorielag.no> eller du kan kontakte ein av medlemmane i styret.

Histoielaget har i mange år trekt ut premie mellom dei som har skrive seg inn i boka på Hugakøllen. I år vart Per Håkon Wetre frå Atrå i Telemark trekt ut, og han får bokpremie i posten. Neste år er det nye sjansar for alle sprekinger!

Planlagde aktivitetar /arrangement i 2010:

Styret har mange planer for året:

- **21. mai kl. 18.00: Vårtur**
med oppmøte ved Heensåsen. Vi går Liavegen til Belsheim, med omvisning i gardstuna der. Vidare går vi ned til jordene til Kvemishaugen.
- **19. juni kl. 19.00: Medlemsfest.**
Historielaget arrangerer medlemsfest i sørre Kvam, med servering og underholdning.
- **22. august kl. 11.00: Hausttur**
til Kalvedalen på leiting etter Kælvedalspresten. Vi håpar å få med oss Nils J. Lykken frå Lykkjegaro til å fortelja det han veit om Kalvedalen. Etterpå blir det omvisning i Kalvedalen Kraftverk.
- **17. oktober kl. 19.00: Filmframsyning**
i auditoriet på VBU av filmen Becket frå 1964 med Richard Burton i hovudrolla som Thomas Becket. Dette er historia om han som St. Tomaskyrkja vart vigsla til, og bør vera ei svært interessant historie for alle vangsgjeldingar! Jahn Børe Jahnsen blir med og vil fortelle oss den mer offisielle versjonen av denne spennende historien.

Helsing frå styret i Vang historielag